

Tusenvis av polforskarar til Oslo

(NPK): I juni 2010 kjem tusenvis av polforskarar til Oslo. Noreg skal då vera vertskap for ein konferanse som avsluttar og oppsummerer Det internasjonale polaråret.

Polaråret 2007–2008 er det største internasjonale forskingssamarbeidet på 50 år. Over 50 000 teknikarar og forskarar frå meir enn 60 land deltek i

arbeidet. Ved å samla inn store mengder data frå Arktis og Antarktis håpar forskarane å finna ut meir om årsakene til og konsekvensane av klimaendringane.

Kunnskapsminister Øystein Djupedal håpar at dei internasjonale forskingsprosjekta vil føra til vidare internasjonalt forskingssamarbeid også etter at polaråret er avslutta. (©NPK)